

Eksamen

25. mai 2018

HSE 3002

Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Helsesekretær

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgi forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Vurderingsretteleing:</p> <ul style="list-style-type: none">• Det er kompetansemåla i læreplanen som utgjer grunnlaget for vurderinga av eksamenssvaret• Beskriv alle vala du tek og grunngi dei fagleg• Bruk fagterminologi når du svarer på oppgåvene• I vurderinga blir det lagt vekt på at du uttrykker deg tydeleg og fagleg korrekt• Direkte avskrift frå kjelder fører til låg måloppnåing og blir vurdert til lågaste karakter.
Vedlegg	Ingen vedlegg.

Oppgåve 1

«Du som helsesekretær skal yte god service til pasientane.»

- Drøft påstanden og grunngi ut frå teorien.

Oppgåve 2

Nina Vik, 45 år, har akkurat vore inne hos legen og fått ein alvorleg kreftdiagnose. Ho er gift og har tre barn i alderen 17, 14 og 10 år. Etter legebesøket blir ho sittande på venterommet og stirre rett ut i lufta.

- Korleis vil du handtere denne situasjonen? Grunngi svaret.

Oppgåve 3

Du arbeider som helsesekretær på legekantoret. Utpå dagen kjem ein av ambulansesjåførane og ser dottera si gå ut frå legekantoret. Sjåføren kjem til deg i luka og lurar på kva dottera har vore inne for. Dottera er 16 år.

- Gjer greie for gjeldande regelverk om teieplikt i denne situasjonen.

Oppgåve 4

Ein dag er det spesielt lang ventetid på legekantoret, og stemninga på venteværelset er amper. Det er høglytt diskusjon, og nokre pasientar føler ubehag.

- Kva gjer du for å betre denne situasjonen? Drøft.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Vurderingsveiledning:</p> <ul style="list-style-type: none">• Det er kompetansemålene i læreplanen som utgjør grunnlaget for vurderingen av eksamensbesvarelsen• Beskriv alle valg du tar og begrunn dem faglig• Bruk fagterminologi når du besvarer oppgavene• I vurderingen vil det legges vekt på at du uttrykker deg tydelig og faglig korrekt• Direkte avskrift fra kilder innebærer lav måloppnåelse og vil bli vurdert til laveste karakter.
Vedlegg	Ingen vedlegg.

Oppgave 1

«Du som helsesekretær skal yte god service til pasientene.»

- Drøft påstanden og begrunn ut fra teorien.

Oppgave 2

Nina Vik, 45 år, har akkurat vært inne hos legen og fått en alvorlig kreftdiagnose. Hun er gift og har tre barn i alderen 17, 14 og 10 år. Etter legebesøket blir hun sittende på venterommet og stirre rett ut i luften.

- Hvordan vil du håndtere denne situasjonen? Begrunn svaret.

Oppgave 3



Du jobber som helsesekretær på legekantoret. Utpå dagen kommer en av ambulansesjåførene og ser datteren sin gå ut fra legekantoret. Sjåføren kommer til deg i luken og lurert på hva datteren har vært inne for. Datteren er 16 år.

- Gjør rede for gjeldende regelverk om taushetsplikt i denne situasjonen.

Oppgave 4

En dag er det spesielt lang ventetid på legekantoret, og stemningen på venteværelset er amper. Det er høylutt diskusjon, og noen pasienter føler ubehag.

- Hva gjør du for å bedre denne situasjonen? Drøft.



www.vigoiks.no/eksamen